



# ÅRSMELDING FOR 2024



**JORDBRUKSSKOLENES  
VENNER**

# ÅRSMELDING FOR JORDBRUKSSKOLENES VENNER 2024

## Foreininga Jordbruksskolenes Venner (JV)

Jordbruksskolenes Venner er ei støtteforeining til NMS med eigen samarbeidsavtale som seier korleis samarbeidet skal foregå. JV har direkte kontakt med skulane om prosjekt og tiltak som skal settast i verk. Dei fem siste åra har JV dekkja om lag halvparten av driftskostnadene for det eittårige kurset på Tombontsoa og Fihaonana, for 2024 med kr. 250.000. NMS har teke godt den andre halvdel den siste året.

## Styret

Styret i Jordbruksskolenes Venner i 2024:

Kolbjørn Lerstøl, leiar

Arne Dragsund, sekretær

Jonas Skrettingland, kasserar

Rolf Moi, styremedlem til oktober

Styret har hatt 5 møter og handsama 45 saker dette året. Rolf Moi ga seg som medlem styret i oktober. Vi takkar Rolf for tida hans i styret, heilt frå starten i 2007! Og for alle dei dugnader han har vore med på, ikkje minst alle brønnane på Tombontsoa og Fihaonana! Ved slutten av året utgjer styret Kolbjørn Lerstøl, Jonas Skrettingland og Arne Dragsund, med ovanfor nemnde funksjonar.

## JV si heimeside og kontonummer

På heimesida kjem det nytt frå skulane, eller artiklar om land og folk på Madagaskar. Adressa er [www.jo-ve.no](http://www.jo-ve.no). Arne Dragsund skriv artiklar og legg ved bilete, og Martha Krogedal Myklebust legg det ut på heimesida og sender det til Facebook. Gåver: Bankkonto 8220.02.85057, merka prosjektnummer 723653. Eller Vipps 513127.

## GRØN DIAKONIPROGRAMMET

16 tobyar (sjukelandsbyar) var med i Grøn diakoniprogrammet i 2024, 7 på austkysten med Fihaonana som ansvarleg og 9 i innlandet med Tombontsoa som ansvarleg, i tillegg arbeidet i fengselet i Antsirabe. Frå nytt år 2025 blir antalet auka til 9 på austkysten og 11 i innlandet, totalt 20 tobyar pluss fengselet. I alt er det 152 godkjende tobyar i Den gassiske lutherske kyrkja nå, og rundt 50.000 hyrdar spreidd over heile Madagaskar. Nokre av tobyane driv veldig godt, med at dei mentalt sjuke er med ut i praksis og dyrking av grønsaker fleire gonger i veka. Det vert og produsert mykje grønsaker til mat for dei sjuke og hyrdane. Men eit par tobyar har litt lite aktivitet og dyrking. Dette veit skulane og generalsekretær Makavelo Marcellin om, og vil følgje desse tettare opp framover.

I 2025 vil det bli 60 sjukelandsbyar som får hjelp gjennom Grøndiakoniprogrammet, 20 etter gamal modell med opplæring av 10 hyrdar frå kvar toby, pluss fengselet. Og 40 nye tobyar skal få opplæring med 2 hyrdar frå kvar toby som kjem til skulane i 2 dagar for opplæring samt at dei får med seg 40 posar med grønsakfrø tilbake til sine tobyar. Dette er ei enklare form for opplæring av hyrdane i første omgang. Generalsekretæren i hyrderørsla har plukka ut 20 tobyar som Tombontsoa har ansvaret for og 20 tobyar for Fihaonana. Pengane til dette arbeidet er alt sende ut til diakonieininga i kyrkja som sender pengane vidare til skulane.

Stiftinga Grøn diakoni-Plant eit Tre i Norge står bak finansieringa av Grønn diakoniprogrammet i kyrkja, heilt sidan starten med 4 tobyar i 2016 fram til i dag. Stor takk for denne støtta. Takk og til dei to rektorane og deira medarbeidarar og generalsekretæren i hyrderørsla for det gode samarbeidet i grøn diakoniarbeidet gjennom alle desse åra. Og til hyrdane og prestane i alle desse sjukelandsbyane over heile Madagaskar. I tobyen Betela i Marovoay var det eit seminar 16.-18.10.24 med alle tobyane som Tombontsoa har ansvaret for, rundt 50 i talet av hyrdar og prestar. Eg fekk vere med på dette seminaret og opplevde ein toby med 450 dekar jord dei eig,



Leiaren i toby Betela, Georges, viser sojamjølkk til mat. Baking av brød. Grønnsakåker. Foto: R. Bary

der dei dyrkar alle slags frukter og grønnsaker og maniokk. Det var ei oppleving å sjå dei mentalt sjuke i aksjon saman med hyrdane. Ein toby med 99 sjuke og 57 hyrdar. Dei starta opp med grøn diakoni for eit år sidan etter eit første besøk av rektor Lala og ein hyrde frå Ambohimahazo i Antsirabe hausten 2023. Dei hadde med seg såfrø til tobyen. Etter kvart som dei får dyrke meir på den store eigedomen, vil det også bli ei stor inntekt til tobyen. Og dei får dyrke mykje mat til hyrdane og dei sjuke. Dei sjuke blir fortare friske igjen med dette opplegget, sa biskopen i Mahajanga-synoden under seminaret. – Dette er tydeleg å sjå etter at vi kom i gang med grøn diakoni, sa han.

Generalsekretæren i Hyrderørsla, pastor Makavelo Marcellin, var og med på seminaret i Marovoay. Eg konfererer med han om budsjetta som skal sendast til Grøn diakoni- Plant et Tre i Norge. Han tek med seg budsjett og forslag til framdrift inn i styret for hyrderørsla. Generalsekretæren peika og ut dei nye tobyane som skal få hjelp vidare, saman med dei to rektorane. På denne måten er grøn diakoniarbeidet ein integrert del av hyrderørsla sitt arbeid ute i tobyane. I budsjettet for 2025 er det lagt inn innkjøp av eit nettbrett og internetttilkobling for 20 tobyar, slik at lærarane kan kommunisere direkte med hyrdane om nye ting, samt sende bilete av planter som dei dyrkar på skulane. På den måten treng dei ikkje reise så mykje ut til tobyane som før. Og det er lett for tobyane å sende spørsmål om dyrkingsteknikk eller eventuelle sjukdomar på plantene med å sende bilete av sjuke plantar til skulen.

Det er ikkje tvil om at med den store satsinga det er blitt i grøn diakoniarbeidet, vil mykje arbeid falle på rektorane og dei lærarane som reiser ut til tobyane. På den andre sida har dette arbeidet vore berikande for skulane, ifølgje rektorane. Dei har fått tilført ny kunnskap, og dei er med på eit viktig arbeid med behandling av dei mentalt sjuke på Madagaskar. Så sender skulane kvart år ein søknad til Grøn diakoni-Plant et Tre i Norge om finansiering av arbeidet på skulane og ute i tobyane. Så skulane får finansiell dekning for dette arbeidet. Det er skulane som har kontakten med dei einskilde tobyane om arbeidet. Skulane er blitt kjende utover heile Madagaskar, og truleg vil arbeidet deira i grøn diakonisamanheng også virke inn på søknaden av elevlar til skulen i neste omgang.

Vi reknar med at tobyane sjølve vil produsere småplanter og godt såfrø av grønnsaker til vidare dyrking framover. Då vil grøn diakoniarbeidet gå av seg sjølv, og opplæring av dei sjuke i grønnsakdyrking og arbeid ute i åkeren vil vere ein viktig del av behandlinga, i tillegg til forbøn for dei sjuke. Kortare besøk frå skulane og hyrdane sine muligheter for kontakt med Tombontsoa og Fihaonana, vil halde fram.

## **MORINGAPROSJEKTET**

Dette har vore i gang nokre år nå. Andreas Jørgensen er leiar for dette saman med dei to skulane. Det har vore kurs på skulane i produksjon av Moringatre, og det er og spreidd småplanter til tobyane i



samband med grønn diakoniprogrammet, både på austkysten og i innlandet. Det viser seg at Moringatrete greier seg godt sør og vest på Madagaskar i det turre landskapet der. Men det greier ikkje så godt det kalde klimaet i turketida på Antsirabe. På austkysten har det og vore litt ymse med veksten nokre stader.

### **VARHAUG KRISTELEGE UNGDOMSLAG**

Ungdomsforeininga på Varhaug har støtta jordbruksskulane økonomisk i mange år, også i 2024, med 150.000 kr. Og dei har vore med på dugnadsoppdrag fleire gonger. Ungdomslaget var på studietur til begge jordbruksskulane i 2023, der dei fekk sjå kva dei hadde vore med og finansiert gjennom mange år. Dei har gitt melding til JV om at dei framleis vil vere med å støtte Jordbruksskolenes Venner framover.

### **SAMARBEIDET MED SKULANE**

Det var som vanleg svært god kontakt mellom styret i JV og dei to jordbruksskulane gjennom 2024. Dette er ein stor styrke, både for skulane på Madagaskar, men og for dei som støttar JV gjennom året. Det er alltid kjekt å besøke skulane og sjå det fine som skjer. Dei to rektorane og deira medarbeidarar gjer ein kjempeinnsats både i utdanning med dei mange kursa dei har, og drifta av gardsbruka. Begge skulane framstår som dei fremste i sitt slag på Madagaskar.

Jordbruksskolenes Venner har i 2024 bidrege med 360.000 kr. til drifta av agronomkursa på dei to skulane via NMS, samt at vi har kjøpt mjølkeorgan og pulsatorar til mjølkeanlegget på Tombontsoa for 100.000 kr. og gitt 125.000 kr. til ferdigstilling av eit nytt grisehus på Fihaonana, pluss ein del andre ting. Totalt ca. 620.000 kr. Takk til skulane for det gode samarbeidet og dei mange gode samtalene også dette året! Og stor takk til alle dykk her i Norge som har støtta arbeidet i JV i 2024!



Gåve frå Ungdomslaget til 35 års jubileet Fihaonana i 2018. Den nyaste traktoren på Tombontsoa kjøpt med pengar frå JV. Den nye traktoren på Fihaonana i samband med etanolprosjektet. Foto: Arne Dragsund

### **SEMINAR OM DRIFTA AV JORDBRUKSSKULANE**

20. og 21. mars var det eit seminar på Antsirabe om drifta av dei to jordbruksskulane med deltakararar frå skulane, leiinga i kyrkja, staten, NMS og JV. Det var om lag 25 deltakarar på seminaret. Arne Dragsund representerte JV. Den siste dagen vart nytta til samtale om Tsarafototra i Morondava. JV har gitt melding til Arild Øystese Hansen, som har oppbygging igjen av Tsarafototra som si oppgåve, at skulen der ikkje er blant dei skulane som JV har samarbeid med. Vi har ikkje kapasitet til meir enn det vi har nå. Det har vore snakk om å stifte ei ny foreining som støtte for denne skulen, men denne er ikkje på plass ennå i flg. Arild Øystese Hansen.

Seminaret i Antsirabe har vore påtenkt gjennom fleire år, for at skulane og NMS skulle få innspel til korleis budsjetta burde vere i åra framover, med tanke på ein større eigenandel i dei årlege driftsbudsjetta på skulane. Både Per Ivar Våje og Arne Dragsund hadde innlegg på seminaret, samt at dei også var med i gruppearbeidet. Per Ivar Våje tok fram det samarbeidet NMS har med skulane i dag. Arne Dragsund ga ei oversikt over den historiske utviklinga på skulane frå dei vart starta opp i



1965 (Tombontsoa) og 1983 (Fihaonana), og den støtte NMS og seinare og Jordbruksskolenes Venner har gitt gjennom åra. Han tok også fram spørsmålet om kva skulane sjølve kan gjere for å bli sjølffinansierte når det gjeld drifta av agronomkurset på skulane. Generalsekretæren i FLM, pastor Kotobesoa, hadde også fleire innlegg, der han mellom anna ba om at den historiske bakgrunnen for skulane og den utviklinga av skulane som var teke fram i Dragsund sitt innlegg, burde skrivast ned, sidan den er nokså ukjent for dei leiande i kyrkja i dag. Stafettpinnen vart gitt vidare til rektor Hoby på Fihaonana. Ein eigen komite skulle lage eit referat frå møtet, der begge rektorane var med.

Skulane si framtid var tema på seminaret. Statlege myndigheter var representerte. Dei hadde også ordet under diskusjonane. Mellom anna vart det lagt fram ei oversikt over kva staten skal setje i gang av tiltak innan landbruksutdanning framover. Det var svært lite klargjerande. Ein sat igjen med tanken om at skulane får greie seg sjølve i åra som kjem. Dei får rett nok tilgang til nokre program for å hjelpe bøndene, men det var lite konkrete tiltak på kva som kunne vere knutepunkt for eit samarbeid mellom kyrkja og staten, i dette tilfelle eit samarbeid med jordbruksskulane.

Kyrkja sine leiarar hadde heller ikkje klare tilrådingar for korleis skulane kan bli sjølvfinansierende i åra framover. Det var inga meining om at kyrkja sjølv kunne bidra med noko til skulane. Men det er å vone om at rektorane og kyrkja heile tida vil ha eit godt samarbeid, med tanke på dei store utfordringane som skulane får i åra framover.



Generalsekretær i FLM, Kotobesoa, rektor Rasoloson Lala og rektor Randrianarijao Hobiharisoa hadde ordet. Arne Dragsund orienterte om skulane sin start fram til i dag. Foto: Randriamahaleo Bary og Arne Dragsund

## FIHAONANA

### Undervisninga

Undervisninga er som før, på 10 månader for agronomkurset. 49 elevar avslutta skuleåret 17.10.24. Av desse var det 12 jenter. 8 av elevane vart konfirmerte i løpet av skuleåret. Komande skuleår blir det 50 elevar. 9.-12.12.24 var det opptakingsprøve på 10 sentra på austkysten og i innlandet. 21. januar 2025 tok det nye skuleåret til. I budsjettet for skuleåret 2025 har dei lagt inn 34 mill. ar. = 21% som eigenandel, som inntekt frå gardsbruket på skulen. Skulen hadde og kortare kurs på 1 måned frå folk som OIT (Organisation internationale de travail) finansierte. Dette kurset var etter behov om diverse planteproduksjonar og husdyrhald. I alt 311 slike kursdeltakarar i 2024.

Det var og undervisning for medlemmer i kyrkjene. Dette var gratis for deltakarane. Kyrkjene sender søknad til skulen om å få undervisning og kor mange. Skulens lærarar reiser også ut for å halde kurs i kyrkjene i jordbruk og husdyrhald. Dette gjer skulen for å styrke kyrkjene ute i distrikta, og for at dei lokale medlemene i kyrkjene skal bli meir aktive også når det gjeld å gje pengar til dei lokale kyrkjene. Dei har nådd mange slike i 2024. Mellom anna har dei undervist i bruken av Moringa-treet og hønseavl på desse kursa og tiltaka saman med kyrkjene.

### Pejja-kurset for entreprenørar

Dei ventar å kome i gang med dette kurset i 2025. Det har gått tregt med søknaden til den afrikanske

utviklingsbanken om støtte til eit nytt kurs, sidan det har vore stadig skifte av landbruksministrar i regjeringa. Bygningane som staten bygde til Fihaonana for å huse undervisninga og internat for studentane, vert til tider brukt til andre ting, mellom anna når det er behov for kurslokale og internatplassar.

### **Opplæring i restaurant- og hotellfag**

Rektor har starta opp med opplæring i restaurant- og hotellfag. Dei hadde i 2024 opplæring av folk frå Antananarivo, Lovasoa, Manakara og andre stader, med i alt 140 deltakarar. Kjøkkenet i Pejja vart brukt til opplæringa. Frå 4. november -24 hadde dei ha eit kurs i 10 dagar med 39 deltakarar.

### **Gardsbruket**

#### **Fjøset**

Skulen satsar framleis på mjølkeproduksjon. Nå er det 20 mjølkekyr i fjøset, og mykje ungdyr. Totalt 30 storfe. Dei tek sikte på å selje drektige kviger. Avsetninga på mjølka er slik at dei ikkje får selt meir enn 100 liter mjølk til dagen, så dei vil halde på eit visst antal kyr, men som sagt selje ungdyr.



Fjøset og hønehuset. Eg ved sida av banantreet eg planta under jub.feiringa des. 2023. Foto: R. Bary

#### **Grisehuset, hønehusa og fiskeoppdrettet**

Grisebesetningen er stor, rundt 410 totalt nå. Med 40 avlspurker og 4 rånar. Dei held på med bygging av nye grisebingar sidan dei skal auke besetningen betydeleg for å kunne selje 2000 slaktegris i året frå 2026. Rektor Hobby har nyleg fått kontakt med ein i Antsirabe som kan kjøpe alle slaktegrisene. Nå køyrer dei med to lastebilar grisen til hovudstaden for slakting. Når leveringa til Antsirabe kjem i gong, vil dei spare 17 mil køyring med store slaktegriser. Det er vanskeleg å få tak i rånar på Madagaskar som ikkje er i slekt, så skulen tek sikte på import av 2-3 rånar for besetningen på Fihaonana. Men det har vore vanskar med å få til denne importen frå utlandet.

Elles er det rundt 1200 verpehøner og noko oppdrett av gassiske høner. Dei får ikkje selt meir enn produksjonen frå 1500 høner.

Jordbruksskolenes Venner bevilga, som svar på ein søknad frå Fihaonana, 125.000 kr. i desember 2024 for å ferdigstille eit grisehus skulen heldt på med. Dette var eit tilskot som var krevande for JV å innvilge, men styret fann ei ordning på det. Skulen ga uttrykk for at dette var eit svært kjærkome bidrag for å få ferdig grisehuset.

Fiskedammane produserer framleis tilapia og karpe. Dei kan levere så mykje fisk dei greier å produsere til restaurantar og hotell i Manakara, til gode prisar. Skulen har og teke til med kaninoppdrett av belgisk kjempe.

Produksjonen av kakao skal aukast sidan det er stor etterspørsel etter dette på Madagaskar. Plantene greier og syklonar godt. Det same er dyrking av corosol som blir brukt i medisin mot blant anna kreft.

### **Kraftforproduksjonen**

Skulen produserer rundt 1 tonn kraftfor kvar dag for behovet på garden. Noko vert og selt til andre. Gode oljekaker av peanøtt vert henta i Antsirabe hos ein tidlegare elev som produserer olje. All hennar produksjon av oljekaker går til Fihaonana. Kvaliteten er førsteklasses.



Rektor satsar på oppal av frukttre, sitrusfrukter og vanilje. Elevar plantar gras til dyrefor. Foto: R.B.

### **Nye maskinar i snekkarverkstaden**

Rektor har kjøpt 11 gode snekkarmaskinar som var til sals for 30 mill. ariary. Dette var etter at eigaren av ein fabrikk døydde, og maskinane kom ut for sal. Rektor kjende eigaren. Maskinane er nå kome på plass på Fihaonana, noko som vil vere til stor hjelp for skulen for produksjon av nødvendige møblar og anna til bygningane.

### **Kurs for mekanikarar**

I samband med alt det tekniske utstyret på Fihaonana, ba rektor om at mekanikar Lalaina kom til Fihaonana for ei opplæring av personalet der i vedlikehald av maskinar, traktorar og bilar. Han var der saman med sjåføren Bary i 3 veker til saman. Ei stor takk til rektor Lala og Tombontsoa som tilrettela for at Lalaina kunne vere på Tombontsoa desse vekene. Og takk til Lalaina som ville ta denne turen for å hjelpe Fihaonana med istandsetting av maskinar, traktorar og bilar. 4 medarbeidarar på Fihaonana fekk opplæring den tida. Eit slikt kurs var svært kjærkome, sidan det er etter kvart mykje teknisk utstyr på Fihaonana.

### **Etanolproduksjonen**

Produksjonen pr. dag er på 35 fat (200 l fat). Dei reknar med ei auke her når dei får nok sukkerrøyr frå bøndene. Dei har sjølv dyrka opp 100 dekar på garden for å plante til med sukkerrøyr for produksjon av etanol. Mitt inntrykk er at produksjon av sukkerrøyr går ut over produksjonen av gras til storfeet. Planen er å dyrke opp noko på Andonabe for produksjon av sukkerrøyr der. Men dette er eit stort arbeid sidan det er tilvokst med eucalyptus som må fjernast før jorda kan dyrkast opp. Heile Andonabe vart i 1981 planta til med eucalyptus, men seinare har ein del av dei beste areala vorte tekne av bønder i området.

I samband med produksjonen av etanol, har skulen fått ein ny traktor (kinesisk merke) med ein stor 5 tonns tilhengar for å køyre vekk avfallet etter etanolproduksjonen. Rektor reknar med at det kan bli opp mot 9 mill. ariary i netto pr. måned av denne produksjonen.

### **Salshus i Manakara**

Skulen skal bygge eit salshus i Manakara for sal av alle produkta frå garden. Dei ventar på å få ei tomt til dette. Salet av gardsprodukta går godt frå huset i Vohipeno sentrum. Dette har gitt god inntekt til



skulen gjennom mange år, og er også godt for befolkningen i Vohipeno med at dei får gode produkt frå garden på Fihaonana.



Etanolanlegget på Fihaonana. Produksjonen av etanol er i gang. God kvalitet. Foto: Randriamahaleo

### **Sjølvsfinansiering av opplæringa**

Gardsbruket på skulen er blitt det JV ønskte frå vi starta samarbeidet med skulane, eit viktig undervisningstiltak og god drift for å produsere så mykje at agronomkurset vert driven av overskotet frå avdelingane på garden. Rektor tek sikte på at skulen blir sjølvsfinansiert frå 2026, då dei tenkjer at svinproduksjonen er så stor at overskotet av salet av 2000 slaktegriser i året vil dekke behovet for finansiering av drifta av det eittårige kurset. I tillegg vil fruktdyrkinga og dyrking av nellik vere gode inntektskjelder framover.



Bygginga av det nye grisehuset i gang i november 2024. Foto: Arne Dragsund

### **Glede over arbeidet**

Det er stor entusiasme blant rektor, lærarar og andre tilsette på skulen. Men det er til tider eit stort arbeidspress for dei godt 30 tilsette på skulen. Dei trekkjer godt saman, og er glade for den store utviklinga det er på skulen.

### **Stort nettverk**

Rektor er formann i FORMDA (Formation agricole et rural de Madagascar), så han er mykje ute på oppdrag og reiser. Han har fått eit stort nettverk innan landbruk og utvikling, både med statlege og private organisasjonar. Nå er det stadig organisasjonar og andre som ønskjer å kome til Fihaonana for å lære korleis skulen vert driven. Folk frå Maurice og La Reunion har og vore på skulen i den anledning. Dei betalar ein viss sum for tida dei er på skulen, og den opplæringa dei får. Det er inspirerende for skulen når folk slik utanfrå får høyre om det som skjer, og kvifor det går så godt økonomisk ute i dei praktiske avdelingane. Når skulen blir sjølvsfinansiert utan støtte utanfrå til det eittårige kurset, viser det at dette er mogeleg med eit relativt lite gardsbruk. Og ein stor arbeidsinnsats frå skulens tilsette. Rektor er som nemt tidlegare, også engasjert i andre oppgåver,

samt at han er ein ressursperson som er brukt av NMS i mange samanhengar, m.a. då dei skulle finne ut kva type prosjekt dei skulle setje i gang med på sørvest- Madagaskar for eit par år sidan. Utan stor innsats frå skulen sine tilsette og gode kunnskapar, ville det ikkje vere mogeleg å bli sjølvfinansiert slik planane nå er.



God marknadsføring ved veien. Ordinære kurs og kva dei sel frå garden. Pejaa-kurset. Foto: AD

## TOMBONTSOA

### Undervisninga

85 IPSATTA studentar starta opp skuleåret 14.10.24, og FPQ 15.10.24 med 102 elevar. 32 av desse bur eksternt. Skulen har søkt om å få starte opp med masterstudium. Dei ventar nå på aksept for dette frå departementet for høgare utdanning. Alle lærarane er klare for oppstart av dette kurset. Dei vil annonsere det nye tilbodet offisielt i januar 2025. Rektor fortalde at dei i eitt år har hatt hyrdar på besøk på skulen den tredje fredag i månaden, med møte blant tilsette og elevar. Dette har hatt stor betydning både for elevar og tilsette. Presten som har undervisninga i Bibelkunnskap, står for desse samlingane.

Rektor fortel også at han har fått dekning for billetten til Norge i samband med Capacity building. Han ønskjer i tillegg til orientering om drift av studier i høgare utdanning, også innblikk i moderne kyllingproduksjon i Norge.

### Gardsbruket

#### Fjøset

Det er kome nye mjølkeorgan til anlegget i fjøset, mellom anna dei 3 som vart tekne med i september. Mekanikar Lalaina fortel at han framleis vil bruke dei nye inn i det gamle systemet med 3 organ på kvar side. Dette på grunn av vaskinga av maskinane. Desse nye fungerer godt i det gamle systemet. På fjøset har det vore fin framgang dette året. Både kalvane og ungdyra var fine. Beste kua låg på 32 l pr. dag, og dei mestytande var plasserte for seg. Mask frå bryggeriet vert blanda inn i siloforet, slik dei fekk råd om i fjor. Og Mme Bakoly ville byrje med kraftfor iblanda surforet for at dei høgtytande kyrne skulle få nok kraftfor. Dei selde rundt 450 l mjølk pr. dag til Socolait. Dei får ein god pris for mjølka, noko betre enn det meieriet gir til bøndene, 2.200 ar. pr. liter = 5,50 nok. Dette på grunn av den gode kvaliteten på mjølka som meieriet nyttar i produksjonen av ost og andre produkt. Fjøset gir ei inntekt på mjølka på rundt 7 mil. Ariary i månaden= 17.500 nok.

Berre halvparten av surforet dei la ned i mars månad, hadde dei brukt gjennom året. Så dei trong ikkje legge i like mykje som i fjor. Kvaliteten på surforet var av beste kvalitet, med mykje kolbar som var knuste i haustinga. Og hausta i rett tid med kort tid for nedlegginga og tildekking.

#### Kyllingoppdrettet og grisehuset

Kyllingoppdrettet går veldig bra. Det vart sett inn 36.000 daggamle kyllingar sist i oktober, dobbelt så mange som eit normalt innsett. Alle desse nye kyllingar var allereie selde. Så det er stor etterspørsel

etter gode verpehøner. Svinehaldet går greit, men dei kunne nok auke opp besetningen her for meir sal av slaktegris. Heile grisehuset er ikkje nytta ut ennå.



Nye studentar IPSATTA i festsalen på skulen. Rektor Rasoloson Lala. Rektor orienterer besøkjande I september-24. Foto: Arne Dragsund

### Jordbruket

Som nemnt tidlegare, var surforet til kyrne av svært god kvalitet dette året. Maisen vart hausta i rett tid med mykje kolbar, noko som ga tilstrekkeleg med karbohydratar for å gje ei god mjølkesyrgjæring i siloen. Dei var og flinke til å dekke innkøyrte masse med plastikk og jord, noko som hindra lufttilgang og ga god gjæring. Det verkar som maskinane i gardsbruket var i god stand. Vendeplogen var mykje i bruk, og det var deler der som skulle vore skifta. Då eg var der siste gong 14. oktober, var dei godt i gang med pløyinga og gjødselkøyring. Dei rekna med å så maisen i rett tid også denne sesongen. Det første regnet var så vidt kome til Antsirabe i oktober.

### Dyrking i turketida

Etter at maisen vart hausta i mars månad for det som skulle leggest i silo, vart jorda pløgd opp og nytta til grønforhavre og fornepe til kyrne. Avlinga av desse vekstene var god, og jorda godt utnytta.

### Sojaprodukssjonen

Dei har byrja med produksjon av soja. Det gjekk veldig godt i 2024. Dei hadde ei svært god avling, som dei brukar noko av i kraftforet. Dei sende og mykje ut til tobyane for dyrking der. Avlinga der vert brukt til mat for hyrdane og dei sjuke. I omtalen om grøn diakoni tidlegare, vart det nemnt at dei i toby Betela i Marovoay kokar soja for å skaffe mjølk som pasientane får i tillegg til det brødet dei lagar av sojarestene. Denne sojaen hadde rektor Rasoloson Lala med seg godt 100 kg av då han besøkte tobyen der for seminaret for hyrdane 16. – 18. oktober-24. Sojaplanten vert med andre ord spreidd utover til tobyane på heile Madagaskar. Og dette vil vere ei plante som gir mykje protein til kosthaldet i tobyane. Tombontsoa har her gått foran når det gjeld dyrking av denne viktige planten ute hos bøndene, sidan dei og sel såfrø frå FaFaFi huset ved mølla.



Ny silo av mais. Vask av maishaustaren. Mekanikar Lalaina ute på pløying i oktober. Foto: A. D.

### Støtta frå JV skapte store ringverknader



Rektor Rasoloason Lala fortalde i ei samtale om støtta på 100.000 kr. i oktober-23 til kjøp av gjødsel for dyrkinga av mais og andre vekster. Dette hadde vore som ein boost for heile skulen. Det førte til at det ikkje berre blei gjødsla og sådd i rett tid, men det hadde store ringverknader på heile skulen. Mellom anna at kyrne ga mykje mjølk, som igjen førte til god inntekt frå gardsbruket. For første gong på lenge gjekk nå fjøset og gardsbruket i balanse. Nå har dei pengar til å kjøpe gjødsel for årets såing av mais. Og han meinte dei hadde det mykje romslegare økonomisk på skulen enn tidlegare. Dei hadde og selt ut ein del gamle bilar og skifta ut den bilen rektor brukar. Firmaet Avitec, som dei samarbeider med om oppdrettet av kyllingar og undervisninga i Avischool, hadde vore med og kjøpt ein ny bil til administrativt bruk på skulen.

Som biletet under viser, er det mange samarbeidspartnarar til Tombontsoa. Som meieriet Socolait i Antsirabe som tek all mjølka og inseminerer kyrne med NRF sæd. Og Avitec med oppdrett av kyllingar til verpehøner til bøndene og opplæring med eige kurs i fjøfeavl etter agronomeksamen, Avischool. Dette er solide og gode samarbeidspartnarar for skulen.



Gml.Mercedes 911 som eg kjøpte i 1973. God marknadsføring på Tombontsoa. Foto: R. Bary og A.D.

### **Stor optimisme**

Også på Tombontsoa var det gildt å sjå og oppleve ei stor optimisme blant skulens tilsette. Mellom anna var det kjekt å høyre om dei planar skulen har for å bli sjølberga økonomisk. Rektor tok fram den søknaden dei har sendt NMS om å bygge eit nytt hønehus for oppdrett av verpehøner. Vi var og såg på plassen der rektor meinte dei kunne bygge huset. Så har dei og søkt om pengar til ein stor forsamlingsal, der dei kan samle alle elevar og studentar samtidig. Dette er lagt inn i budsjettet som KG skaffa pengar til i 2024.

### **Besøk på NMS kontoret i Antananarivo**

Eg var innom NMS sin representant på Madagaskar, Mme Ando på Isoraka, 21. oktober for å orientere henne om Jordbruksskolenes Venner og samarbeidet med jordbruksskulane, grøn diakoniarbeidet og dei planar som ligg føre framover.

Sandnes, 16. januar 2025.

Styret for Jordbruksskolenes Venner

Kolbjørn Lerstøl (leiar), Jonas Skrettingland (kasserar), Arne Dragsund (sekretær)